

Til  
Hordaland fylkeskommune  
Bergen kommune  
Regionrådet Nordhordland IKS

**INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING  
I NORDHORDLANDSPAKKEN AS**

---

**TID: fredag 19.juni 2015 kl 08.30-09.30**  
**STAD: Regionrådet Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, Knarvik.**

**SAKER TIL HANDSAMING.**

1. Godkjenning av aksjar og fullmakter
2. Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.
3. Val av møteleiar.
4. Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.
5. Godkjenning av årsrekneskapen for 2014.
6. Årsberetning frå styret 2014.
7. Revisors beretning for 2014.
8. Vedtektsendring ( Endring av deler av § 6, val av leiar)
9. Fastsette godtgjersle til styre
10. Fastsette godtgjersle til revisor
11. Val av styre

**VEDLEGG:**

1. REKNESKAP FOR 2014. (er vedlagt)
2. STYRET SI ÅRSMELDING for 2014. (er vedlagt)
3. SELSKAPETS VEDTEKTER MED FRAMLEGG TIL MINDRE ENDRING.
4. REVISOR SIN BERETNING FOR 2014. (vert ettersendt)
5. FRAMLEGG TIL VAL AV STYREMEDLEMER (Valkomiteen er i arbeid, vert ettersendt)

**Frekhaug den 7.juni 2015**



Pål Kårbø (sign).  
-styreleiar/dagleg leiar-

## VEDLEGG TIL INNKALLINGA, GF 19/6-15

### SAKER TIL HANDSAMING.

1. Godkjenning av aksjar og fullmakter

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga godkjenner dei framlagte fullmaktene.  
Av selskapet sin aksjekapital er XX % av aksjene representert.*

2. Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga godkjenner innkallinga*

3. Val av møteleiar.

#### **Framlegg til vedtak:**

*Styreleiar Pål Kårbø vert valgt til møteleiar*

4. Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

*I tillegg til møteleiar vert XX valgt til å skrive under protokollen*

5. Godkjenning av årsrekneskapen for 2014

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga vedtek framlagt rekneskap 2014 for Nordhordlandspakken AS.  
Årets underskot, kr 2 415 vert ført mot annan eigenkapital/udekka tap.*

6. Årsberetning frå styret 2014

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga godkjenner framlagt årsmelding 2014 for  
Nordhordlandspakken AS.*

7. Revisors beretning for 2014.

**Framlegg til vedtak:**

***Generalforsamlinga tar revisors beretning til etterretning***

8. Vedtektsendring ( Endring av deler av § 6, val av leiar)  
Det er hensiktsmessig at generalforsamlinga også vel leiar av styret.

Sjå eige vedlegg.

**Framlegg til vedtak:**

***Generalforsamlinga vedtek endringar i selskapets vedtekter §6, slik som framlagt i saksdokumentet.***

9. Fastsette godtgjersle til styre

**Framlegg til vedtak (som tidlegare år) :**

***Som styrehonorar for perioden mellom GF 2014 og GF 2015 vedtek generalforsamlinga følgjande honorar :***

<b><i>Leiar</i></b>	<b><i>kr. 40.000</i></b>
<b><i>Nestleiar</i></b>	<b><i>kr. 25.000</i></b>
<b><i>Styremedlem</i></b>	<b><i>kr. 20.000</i></b>
<b><i>Varamedlem</i></b>	<b><i>kr. 1.500 pr. møte.</i></b>

- ***Godtgjersle vert utbetalt som ein eingongssum og avløyser innsending av reiserekningar, krav om møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt inntekt.***

10. Fastsette godtgjersle til revisor

**Framlegg til vedtak:**

***Revisor vert godtgjort i samsvar med faktura frå Helge Frosta***

11. Val av styre  
Sjå innstillinga frå valnemnda

**Årsregnskap 2014  
for  
Nordhordlandspakken AS**

**Foretaksnr. 991323716**

## Resultatregnskap

	Note	2014	2013
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Annen driftsinntekt	1	625 000	600 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>625 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	2	224 836	196 383
Annen driftskostnad		402 695	622 188
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>627 531</b>	<b>818 571</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>(2 531)</b>	<b>(218 571)</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		116	219
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>116</b>	<b>219</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>116</b>	<b>219</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>(2 415)</b>	<b>(218 352)</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		0	(4 332)
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>(2 415)</b>	<b>(214 020)</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>(2 415)</b>	<b>(214 020)</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGER</b>			
Fremføring av udekket tap		(2 415)	(214 020)
<b>SUM OVERF. OG DISPONERINGER</b>		<b>(2 415)</b>	<b>(214 020)</b>

## Balanse pr. 31.12.2014

	Note	31.12.2014	31.12.2013
<b>EIENDELER</b>			
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		141 360	14 019
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>141 360</b>	<b>14 019</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>141 360</b>	<b>14 019</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Selskapskapital	3	100 000	100 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Udekket tap		(228 027)	(225 612)
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>(228 027)</b>	<b>(225 612)</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>(128 027)</b>	<b>(125 612)</b>
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		49 463	133 675
Skyldig offentlige avgifter		12 525	621
Annen kortsiktig gjeld		207 398	5 335
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>269 387</b>	<b>139 631</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>269 387</b>	<b>139 631</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>141 360</b>	<b>14 019</b>

Knarvik, 11.5.2015



  
 Pål Kårbø    Kristin Handeland    May Eva Sandvik  
 Styreleder    Nestleder    Styremedlem

  
 Leidulv Brunborg  
 Styremedlem

  
 Kristian Helland  
 Styremedlem

## Noter 2014

### Note 1 - Regnskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

#### Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

#### Anleggsmidler

Lineære avskrivninger over driftsmidlenes forventede økonomiske levetid er lagt til grunn ved beregning av avskrivningsbeløp.

#### Skatter

Selskapet er ikke skattepliktig.

#### Offentlige tilskudd

Driftstilskudd periodiseres samtidig med den inntekten det skal øke eller den kostnaden det skal redusere.

### Note 2 - Lønnskostnad

	I år	I fjor
Lønn	197 051	172 115
Arbeidsgiveravgift	27 784	24 268
<b>Totalt</b>	<b>224 836</b>	<b>196 383</b>

Det er utbetalt lønn til 1 person.

Daglig leder har mottatt lønn og annen godtgjørelse med kr 106 058.

Styrehonorar er kostnadsført med kr 128 000.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 13 750, inkl mva, herav utgjør øvrige tjenester kr 6 000.

### Note 3 - Selskapskapital

Aksjekapitalen består av kr 100 000, med 100 aksjer a kr 1 000.

Eierforhold 31.12:

## Noter 2014

Regionrådet Nordhordland IKS	40%
Hordaland fylkeskommune	40%
Bergen kommune	20%



## ÅRSBERETNING FRÅ STYRET 2014.

### **Verksemd.**

Selskapet si verksemd er å arbeide for betre vegkommunikasjon i Nordhordland og mot Bergen. Verksemda har sitt kontor i Knarvik i Lindås kommune.

### **Utvikling, resultat og stilling.**

Selskapet har hatt sine inntekter i 2014 frå eigarane Nordhordland Utviklings-selskap IKS (Regionrådet Nordhordland), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Styret meiner den framlagde resultatrekneskapen med balanse og notar gjev eit korrekt bilete av drifta i 2014, og av status ved årsskiftet. Styret kjenner ikkje til tilhøve etter årsskiftet som ville ha påverka rekneskapen pr. avslutningsdato. Utifrå at rekneskapen syner at selskapet sin eigenkapital er tapt, vil styret i 2015 gjennom eige drift og evt. i dialog med eigarane sørgja for at det vert ordna opp i dette.

Også 2014 gjekk med til lokalpolitisk handsaming av pækken. Fylkestinget gjorde i desember positivt vedtak vedr Nordhordlandspækken og bad den enkelte kommune stadfeste dette over nyttår i 2015.

### **Framleis drift.**

Føresetnad om framleis drift, gitt meir driftsmidlar frå eigarane, er etter styret si meining til stades og er lagt til grunn for årsrekneskapen.

### **Arbeidsmiljø og likestilling.**

Selskapet har i 2014 hatt styreleiar tilsett i ein 5 % ressurs som dagleg leiar . Arbeidsmiljøet er tilfredstillande .

I styret er det tre menn og to kvinner.

**Klima og miljø.**

Selskapet rettar seg etter dei offentlege pålegg som gjeld, og styret kan ikkje sjå at ein påverkar klima og det ytre miljø på skadeleg eller ulovleg vis.

Knarvik den 11.05.2015




Pål Kårbø  
Styreleiar




Kristin Handeland  
Styremedlem/nestleiar



Kristian Helland  
Styremedlem



Leidulv Brunborg  
Styremedlem



May-Eva Sandvik  
Styremedlem

**Vedtekter  
for  
Nordhordlandspakken AS**  
Stiftet 14. mars 2007

(Med endringar pr. 30.06.2008, 22.06.2011, 18.06.2012 og 19.06.2015)

§ 1. Namn

Selskapet sitt namn er Nordhordlandspakken AS

§ 2. Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Lindås kommune.

§ 3. Føremål

Selskapet skal ha som føremål å arbeide for utbygging og standardheving på utvalde stamvegar, riksvegar og strategisk viktig tilførselsvegar i Nordhordland og Bergen nord.

Selskapet har ikkje økonomisk erverv som føremål. Det er ikkje høve for eigarane til å ta utbytte.

§ 4. Aksjekapital

Selskapet skal ha ein aksjekapital på kr. 100.000 fordelt på 100 aksjar à kr. 1000. Alle aksjar har lik vekt på møta i generalforsamlinga.

§ 5. Overdraging av aksjar.

Overdraging av aksjar skal godkjennast av styret. Andre aksjonærar har forkjøpsrett til pålydande verdi. Elles gjeld aksjelova kap. 4.

§ 6. Styret

Selskapet skal ha 5 styremedlemer.

Styremedlemene vert valde for 2 år om gangen, likevel slik at 2 av medlemene valde til det første styret står på val etter eit år. Det skal veljast personlege vararepresentantar. ~~Styret vel sjølv leiar og nestleiar.~~ Ny : **Generalforsamlinga vel leiar, og styret vel sjølv nestleiar.**

For at eit styrevedtak skal vere gyldig må minst 3 styremedlemer vere til stades, blant desse leiar eller nestleiar. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.

Sentrale oppgåver for styret:

Vedta budsjett og utarbeide framlegg til årsmelding og årsrekneskap.

Tilsette dagleg leiar og fastsetje løn for denne

Utarbeide planar for utvikling og drift av selskapet basert på dei mål som er sett for selskapet og elles vedtak gjort av generalforsamlinga.

§ 7. Generalforsamlinga

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.

Generalforsamlinga vert kalla inn av styret med skriftleg varsel til aksjonærane i selskapet, med frist etter aksjeloven sine reglar.

Generalforsamlinga vel sjølv dirigent for møtet.

Ekstraordinær generalforsamling kan haldast dersom eit fleirtal i styret eller aksjonærar som representerer minst 1/3 av aksjekapitalen krev det. Innkalling skal skje etter dei same fristar som for ordinær generalforsamling.

På ordinær generalforsamling vert fastsett:

1. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap - her under disponering av overskott eller dekking av underskott.
2. Val av styremedlemer og revisor.
3. Fastsetjing godtgjersle til styret og revisor.
4. Andre saker som i medhald av lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

Generalforsamlinga skal velja ein valkomité som skal innstilla til generalforsamlinga på val av styremedlemmer. Valkomiteen skal veljast for 1 år og bestå av 3 medlemer, 1 frå kvar av eigarane. Generalforsamlinga skal og velja valkomiteen sin leiar.

Protokollen frå generalforsamlinga skal underskrivast av to representantar for aksjonærane, valde av generalforsamlinga.

#### § 8. Dagleg leiar

Dagleg leiar skal ha det overordna ansvaret for drift av selskapet i samsvar med styret sine vedtak.

#### § 9. Signatur og prokura.

Styreleiar og eit styremedlem bind selskapet i fellesskap med sine underskrifter. Styret kan gje prokura.

#### § 10. Vedtektsendringar

Vedtektsendringar kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtekter skal stå på sakskartet og fylgje innkallinga til generalforsamlinga.

#### § 11. Oppløysing

Vedtak om oppløysing av selskapet kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Ved oppløysing av selskapet skal verdiar utover innskoten aksjekapital gå til tiltak som fremjar føremålet i § 3, 1.ledd.